


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, B. D. Bødker, B. Haukanes, S. Aadland



Kyrkjeliv i koronatid

**Gå i fred, ten Herren med glede,
hald avstand og ta med deg litt sprit når du går!
Slik kan det høyrast ut når presten sluttar av
ei gudsteneste i våre dagar.**

Etter at me stengde fullstendig ned i mars grunna pandemien, har kyrkja starta opp att arbeidet sitt litt etter litt. Gravferder har me sjølv sagt halde på med heile tida. Etter ei påske utan gudstenester, var me glade for å kunna møtast igjen til gudsteneste i mai, sjølv om konfirmasjonane vart utsette .

Oppstart

No etter sommarferien prøver me å starta opp att mange av aktivitetane. Dei 24 nye konfirmantane har hatt første samlinga si. Kompis skal starta opp denne veka, og strikkekafeen veka etter. Den internasjonale matklubben hadde samling også før sommaren, og held fram no i haust også. Kafeen på Samnangerheimen er ikkje starta opp att. Der er det endå fleire restriksjonar, naturleg nok.

Koronatiltak

Prisen me betalar for å starta opp att med aktivitetar, er strenge koronatiltak rundt arrangementa. Reglane for korleis me skal gjera ting i kyrkja, er nesten like strenge som før sommaren. Nytt er at me no har lov å rekna med at overflater er «koronafrie» etter 24 timar, ikkje 72 som

tidlegare. Me har også lov å bruka varmt såpevatn til å smitte-vaska med, ikkje berre sprit og klor.

Vasking og spriting

Har du to arrangement med mindre enn 24 timar mellom, må «koronavask» til mellom arrangementa. Så når me har huset fullt i konfirmantar tysdags kveld og får kompisane inn midt på dagen om onsdagen, må alle «ta-på-flater» reingjerast onsdag morgon.

Me har også tilsette på kontora i kyrkja på Haga om kvardagane, og desse skal heller ikkje utsetjast for evt. smitte. Difor må dei romma både deltakarar og tilsette brukar, alltid reingjerast etter kveldsarrangement.

Alt dette er vanskeleg å få til å gå opp, med ei 60% reinhaldsstilling. Så stundom må dei

som har ansvar for eit mindre arrangement, sjølv ta «koronareinhold» før dei går heim.

Oversikt og kontroll

Det er no veldig viktig at alle som brukar kyrkja på Haga, om det så berre er til eit lite komité-møte, gjer beskjed på førehand slik at me får det inn i kalenderen vår. Så må reinhold planleggjast for kvar veke og folk føra på liste kva for rom og utstyr dei har brukt slik at me slepp korona-vaska heile huset kvar dag.

Metermål

Å halda avstand er det neste viktige punktet. På Haga står stolrekkjene med rett avstand, men på Ådland må me sitja på annakvar benk. Så skal det vera to stolar eller ein meter benk mellom dei som ikkje høyrer til same husstand.

Så sjølv om det er 200 per-

sonar som er grensa du kan ha på eit arrangement, avgrensar det seg til rundt 100 i kyrkjene våre. På Haga kan me opna opp inn til peisestova og få nokre ekstra plassar der.

Velkomne

Me fører lister over dei som kjem, i tilfelle det vert bruk for smittesporing og lurar på kor lenge det går før me kan gå attende til normalen.

I mellomtida gjer me det beste utav det, deler i kohortar, spritar hender, held avstand og vaskar. For me ynskjer at folk skal kunna koma i kyrkjene våre, utan å vera redde for å verta smitta der. Og me treng fellesskap, det veit me etter desse månadane i isolasjon. Så er du frisk og tek omsyn, er du hjarteleg velkomen i kyrkja!

B. H.

Frå kyrkjeboka



Døypte

31.5.

Einar Ingvarsen Holmefjord

26.7.

Falk Meyer Schulerud

16.8.

Johan Skår

23.8.

- Emil Eikeland Aldal
- Jakob Mæhle Thoresen
- Mats Holdhus-Ekerhovd



Vigde

8.8.

Mads Kristoffer Hanevik
Aldal og Christine
Rolland Arnatveit

8.8.

Joakim Rudebjer og
Linn Borgny Andresen Røen



Døde

5.4.20.

Per Tveit

17.4.

Brigt Olav Gåsdal

19.4.

Målfrid Karin Tverlid

20.4.

Anders Knutin Aldal

20.4.

Normann Magne Gjerde

5.5.

Ellinor Trengereid

13.5.

Einar Johan Tysseland

5.7.

Berglijot Totland

7.8.

Arvid Peder Tysse

28.8.

Karin Nelly Drønen

2.9

Kjell Haug

KONFIRMANTAR 2020

Konfirmasjonen som vart utsett i vår, vert laurdag 19. september og er berre open for familie og gjestar til konfirmantane.

Andreas Dyrøy Bødker
Kira Drevsjø
Mathias Grinde
Oline Bergitte Haugen
Oskar Flaktveit Holmsen
Emilie Moe Kviste
Kristina Haugsbakk Langeland

Oda Reistad
Jonas Rosseland
Viola Svisdal
Lasse Nilsen Torvund
Susanne Nilsen Totland
Iben Tveiterås
Marcus Liøen Tveiterås
Theo Tveiterås

